

OsloMet – storbyuniversitet

Kjell Ivar Skjerdingsstad og Silje Hernæs Linhart

### **Lesarhistoria – ny veg til lesaren**

Prosjektet Lesarhistoria – ny veg til lesaren tok til med eit forprosjekt i 2014 og vert avslutta i 2018. Sjølve praksisperioden har vore to år frå og med haustsemesteret 2015 til og med vårsemesteret 2017. Prosjektet har vore initiert og styrt av Sogn og Fjordane fylkesbibliotek og dokumentert av forskarar frå Institutt for arkiv-, bibliotek- og informasjonsfag (ABI) ved OsloMet – storbyuniversitetet (tidlegare høgskulen i Oslo og Akershus). Prosjektet prøver ut nye formidlingspraksisar i samarbeid mellom folkebibliotek og skular/barnehagar i fem kommunar i Sogn og Fjordane:

- 1) Bremanger folkebibliotek og Davik barnehage (førskule)
- 2) Gloppen folkebibliotek og Nordstranda skule (2. og 3. trinn)
- 3) Flora folkebibliotek og Krokane skule (5., 7. og 8. trinn)
- 4) Sogndal bibliotek og Kaupanger skule (6.-7. trinn)
- 5) Balestrand folkebibliotek og Sagatun skule (8.-10. trinn)

Prosjektet inngår òg i ALMPUB-prosjektet ved ABI (2016-2019, finansiert av Noregs forskingsråd), som undersøker føresetnadene og moglegheitene for å realisere folkebiblioteket som demokratisk infrastruktur. Eit sentralt spørsmål her er korleis biblioteka saman med andre aktørar kan bidra til medborgarskap og ei bærekraftig lokal offentlegheit.

#### *1. Mål, metode og dokumentasjon*

Å «skreddarsy» litteraturformidlinga til barn har vore det overordna målet med prosjektet. Kvar ung lesar, og kvar komande lesar, treng litteratur som snakkar til han og henne. Ved å kombinere skulars og barnehagars kjennskap til ungane, og bibliotekets kunnskap om litteraturen, har tanken vore å prøve ut, vidareutvikla og samanlikna litteraturformidlingspraksisar ved å

- 1) ta utgangspunkt i barns og unges eigne lesarhistorier,
- 2) utnytte samarbeidspotensialet mellom folkebibliotek og skule respektive barnehage,
- 3) auke kompetansen til dei involverte profesjonsutøvarane i å forske på eige arbeid, og
- 4) generere forskingsbasert kunnskap og dele erfaringane med andre aktørar i praksisfeltet.

Når prosjektet har hatt Lesarhistoria (Kverndokken 2013) som utgangspunkt, er det fordi omgrepet 1) rettar merksemda mot at kvar og ein har ei unik lesarhistorie forma av kor vi er fødd, med kven vi er vakse opp og med kva som har omgitt oss, og 2) peiker framover mot kva moglegheiter barn og unge har og kunne fått. Såleis heng det òg tett saman med myndiggjering og utvikling av medborgarskap. Den grunnleggjande utfordringa for institusjonane er å føre desse omsyna vidare i konkrete formidlingspraksisar. Deltakerane i kvart av delprosjekta har svart på desse utfordringane med å (vidare)utvikle praksisar bottom-up ut frå eigne lokalt identifiserte problemstillingar.

Gjeve dei føringar lesarhistorieomgrepet gjev, har vi undersøkt profesjonsutøvarane og barna sine eigne perspektiv på lesing, litteratur og formidling. Prosjektet er dokumentert gjennom intervju, observasjonar, formidlingsmateriale og deltakarane sine forteljingar og refleksjonar. Prosjektdeltakerane har fungert som medforskarar ved å hente inn, produsere og reflektere over materialet. Gjennom interne seminar og føredrag med eksterne har kunnskap blitt delt også

mellom deltakerane. Prosjektet skal munne ut i ein vitenskapleg monografi som

- 1) dokumenterer forskningsbasert kunnskap om formidlingspraksisar basert på lesarhistoria med overføringsverdi til praksisfeltet
- 2) formidlar kunnskap om og gjev døme på korleis ein kan reflektere over, forske på og utvikle eigen formidlingspraksis
- 3) bidrar til å utvikle relevant teori for profesjonsfeltet
- 4) er retta mot behova til studentar særleg i bibliotek- og informasjonsfag og dokumentasjonsvitenskap, men òg i lærar- og førskolelærarutdanningar for praksisførebuande kunnskap og for praksisbaserte innføringar i vitenskapleg metode og tenkjemåte

## *2. Formidlingspraksisane som resultat*

Den endelege monografien vil formidle nyanserte forteljingar om formidling frå perspektiva til barn, lærarar, bibliotekarar og forskarar slik at dei kan få overføringsverdi og bidra til kompetanseutvikling, læring og refleksjon i profesjonsfeltet. Dei viktigaste resultatane av prosjektet er det arbeidet som deltakarane de facto har gjort med litteraturformidling i bibliotek, skular og barnehagar i dei ulike lokalsamfunna.

### *2.1 Barnehagen som bibliotek*

Barnehagen i Davik oppvekstsenter har samarbeidd med Bremanger folkebibliotek. Barnehagen såg behov for fornying av kva dei las for ungene, auka medvit om dei vaksne si rolle som formidlarar, og nærare kontakt med biblioteket (næraste filial er 43km unna). Frå å ville kartleggje barna sin lesarhistorier (intervju med foreldre etc. viste seg å vere for tidkrevjande), fann deltakarane det meir relevant å ville gje barn (og foreldre) gode lesarhistorier. For å få det til vart biblioteket flytta inn i barnehagen, barnehagen omgjort til bibliotek: Ein etablerte barnehagebibliotek, bøkene vart bytta ut jamleg, barnebibliotekaren kom på besøk og las høgt for ungar og foreldre ved hjelp av eit dokumentkamera, biletbokunivers vart gjenskaft in-real-life, inne og ute i skogen, slik at ungene beveger seg ikkje berre i ei boksamling, men i boklege verder, femåringar vert sjølve formidlarar ved å lese høgt for treåringar, etc. Praksisane her har gitt grunnlag for å reflektere teoretisk over kor viktig *staden* og plassen er i litteraturformidlinga – at barnehagen her lukkast handlar om at dei utnyttar den eksistensielle betydinga staden har når bøker formidlast og vert del av kvardagen.

### *2.2 Leseoppleving og formidlingspoetikk*

Barne- og ungdomsbibliotekaren ved Sogndal folkebibliotek har alltid hatt jamlege besøk på Kaupanger skule, men såg at ho ikkje trefte alle. Gjennom kunnskapsdeling internt i prosjektet vart ho både merksam på korleis elevane kunne skrive si lesarhistorie i brev til henne, og korleis ho kunne bruke si lesarhistorie og si eiga leseoppleving i formidlinga. Gjennom brevvekslingar og observasjonar i ein klasse gjennom to år, kan lærar og bibliotekar dokumentere at fokus på leseoppleving og lesarhistorie både har gjort noko med elevane – éin har blitt ein lesar og gjennom det vunne status og funne sin plass i flokken, ein annan har blitt merksam på sin eigen kunnskap om lesing. Vidare har bibliotekaren utvikla sin formidlingspoetikk. «Det har eg lært i dette prosjektet: Å tore å bruke meg sjølv, mi oppleving, legge større vekt på den og ha tru og tillit til at mi oppleving ber. Å kunne seie kva og kvifor dette var bra, at det handla om livet, og ha tru på at det er ikkje berre eg som ser det slik.» Nyordet formidlingspoetikk viser grovt sett til det som bind saman og særpregar formidlinga sitt kva, korleis, korfor og kor. Det vil bli utvikla teoretisk mellom anna gjennom omgrep som gjenkjenning, autentisitet og stemning.

### 2.3 Brevskriving og dømekraft

Ein formidlingspraksis der bibliotekaren (halvt skulebibliotekar og halvt lærar på Krokane skule i Flora) skriv brev til elevane som så skriv brev attende, har både inspirert fleire delprosjekt regionalt (Sogndal, Gloppen) og lokalt i det også bibliotekaren ved Flora bibliotek tok prosjektet inn i si formidling til elevar på Flora barneskule. Tre resultat med overføringsverdi peikar seg ut.

- 1) Det er påtakeleg kor stor meining det har for elevane å skrive analoge brev og å få bøker plukka ut til kvar av dei – gjeve og teke imot som gåver. Brev synleggjer lesarhistorier og peiker mot behovet både for å reflektere teoretisk omkring brevet som gåve og omkring kva betyding det personlege handskrive brevet har i litteraturformidlinga.
- 2) Dynamikken mellom breva som fortel ei lesarhistorie, kunnskapen om eit repertoar av bøker å velje mellom og måten bøkene blir formidla på i plenum, viser kor sentral *dømekrafta* til formidlaren er.
- 3) Kunnskap om korleis lesarhistoriene til elevane her har blitt fanga opp i brevet og brevsjangeren er brukt som formidlingsverktøy er spreidd til delprosjekta i Sogndal og Gloppen.

### 2.4 Sjangerkunnskap og myndiggjering

Motivasjonen til bibliotekaren på Gloppen bibliotek har vore å gjere ferske lesarar til trygge bibliotekbrukarar og medborgarar. Elevar ved Nordstranda skule har integrert i norskundervisninga besøkt biblioteket ti gonger i året, først som andre- og så tredjeklassingar. Gjennom prosjektet har elevane øvd seg på lese nye og ukjende sjantrar, dei har øvd på snakke om litteratur og dei har reflektert rundt eiga lesarhistorie. Dette har gitt elevane ei positiv haldning til bøker og bibliotek, samstundes som dei er blitt meir bevisste på eiga lesing. Dei har utvikla seg, er klare på kva dei likar og ikkje likar, samtidig som dei er opne for å prøve nye utfordringar. Elevane er blitt trygge bibliotekbrukarar både i skulesamanheng og på fritida. Alle elevane har fått auka litteraturrefaringar og kompetanse om si eiga lesarhistorie gjennom eit tilpassa litteraturutval til kvar enkelt elev. Bibliotekaren har fått auka både sin bokkunnskap og sin kompetanse på formidling til denne lånargruppa. Samtidig har prosjektet gitt auka forståing i å fokusere på den individuelle låaren sitt behov. Både skulen og biblioteket ser gjensidig verdien av det tette samarbeidet, og vil halde fram med dette. Bibliotekaren har utvikla eit gjennomgåande opplegg med temabaserte presentasjonar om dei ulike sjantrane som vil ha verdi også i andre settingar.

### 2.5 Å artikulere litteraturen

Motivasjonen for delprosjektet har vore å identifisere andre vegar inn i ungdomslitteraturen: Å finne fram til eit opnare språk å snakke/skrive om litteraturen på. Elevane på Sagatun ungdomsskule i Balestrand har gjennom åttande og niande klasse arbeidd med bokmeldingar og litteraturkritikk i Uprisen. Lærar og bibliotekar har begge sett at kriteria for kritikken har gjeve for lite rom for lesaren. Spørsmålet dei saman har stilt seg er korleis ein utifrå arbeid med lesarhistoria (Kva har elevane lese og korleis er dei komne dit? Korleis kan ein nytte det personlege inn i kritikksjangeren?) betre kan balansere arbeidet med litteratur. Tre resultat på svært ulike nivå peiker seg ut:

1. Gjennom intensiv lesing, boksamtalar og arbeid med å skive og utvikle kritikksjangeren har elevane fått eit anna språk til å snakke om litteraturen på: dei har utvikla eit personleg metaspråk, og eit perspektiv på litteraturen i samfunnet.

2. Måten formidlarrolla her vert utført på handlar om korleis læraren lyttar seg fram til og formidlar det vesentlege i litteraturen både utifrå formidlings situasjonen og utifrå hennar kjennskap til elevane og nettopp lesarhistoriene deira.
3. Sagatun skule i Balestrand kommune har fått nytt kombinasjonsbibliotek. Gjensidig involvering i delprosjektet har opna for at lærar og bibliotekar har blitt betre kjende med kvarandre sine roller og slik gjeve grunnlag for ein konkret samarbeidsmodell.

### 3 Måloppnåing

Resultata av prosjektet vil vise seg fullt ut etter den pågåande dokumentasjonsprosessen som mellom anna inneber å beskrive meir utfyllande dei ulike formidlingspraksisane og få deltakarane sine tilbakemeldingar på dei. Utover dei moment som allereie er trekte fram over, kan vi likevel allereie no peike på nokre konkrete utbytte av prosjektet:

#### 3.1 Bruke lesarhistoria

Gjennom å nytte lesarhistoria som omgrep og formidlingsverky har bibliotekarane og lærarane vorte betre kjende med dei små og unge lesarane. Bibliotekarane har lært meir om korleis dei kan nå fram til elevane/barnehagebarna og om kva rammer som gjeld for leseopplæringa i skulen og barnehagen. Med litteraturformidlingas teori og praksis samt det bibliotekariske mandatet om å formidle kvalitet, allsidigheit og aktualitet som horisont, dokumenterer vi at lesarhistoria tener til å motivere ny praksis og fungerer som prisme for ein kritisk refleksjon rundt lesing og formidlingspraksisar. Ein har utvikla meir kunnskap om korleis ein når ut med rett bok til rett barn til rett tid.

#### 3.2 Utvikle samarbeidspotensialet

Bibliotekarane og lærarane har vorte godt kjende med kvarandre på tvers av profesjonsgrensene. For ein del gjeld det i dei fem delprosjekta, for ein del også i prosjektet som læringsarena. Lærarane har fått meir inngåande kjennskap til litteraturen og formidlingskompetansen som bibliotekarane sit på. Bibliotekarane har blitt betre kjende mellom anna med skulens juridiske og sosiokulturelle rammeverk. Det er utarbeidd gode planar for samarbeid mellom bibliotek og skule/barnehage. Ein har fått større forståing av at bibliotek og skule/barnehage har eit felles samfunnsoppdrag. Fleire av deltakerane har vore inviterte til kommunale og fylkeskommunale arenaer for å dele sine røynsler. Resultata frå prosjektet vart formidla til praksisfeltet på ein konferanse i Oslo i november 2017.

#### 3.3 Kompetanseutvikling og forskning på eige arbeid

Prosjektdeltakane gjev gjennomgåande uttrykk for at dei har hatt utbytte av å vere med i prosjektet, men òg at det har vore krevjande. Dei nyttar i større grad den litterære samtalen i arbeidet med formidling og refleksjon. Nye formidlingspraksisar er utvikla som når ein utnyttar læringspotensialet som ligg i at store barn les/fortel for mindre. Prosjektdeltakane framstår mykje tryggare når dei formidlar på ein annan arena enn den dei vanlegvis held til på, t.d. når dei formidlar eller når dei presenterer prosjektet på samlingar/konferansar. På den eine sida spring alle prosjekta ut av dei føringar som lesarhistoria legg, på den andre har deltakerane i alle prosjekta sjølve utarbeidd problemstillingar, metodar og formidlingspraksisar. Ein av deltakerane seier: «Det har vore interessant og lite mekanisk, litt filosofisk. Vi er meir vane med konkrete oppgåver, det har utfordra oss på måten å jobbe, kanskje vi har godt av det. Vi har måtta kople saman ny kunnskap med gamal.»

### 3.4 Formidlaren – eit performativt perspektiv

I tråd med prosjektet sitt fokus på den einkilde lesaren sine erfaringar, perspektiv og kompetanse, er det eit sentralt poeng at dette også gjeld formidlarane, ikkje berre elevane. Ein formidlar har òg si lesarhistorie, og sine metodar som spring ut av dette. I og med at fleire av formidlarane i prosjektet nyttar seg av utprega performative (medvite iscenesetjande, framvisande) formidlingsmetodar og at kunnskapen frå dette har blitt teke opp av andre, er dette eit særskild område vi vil diskutere i den vitskaplege monografien.

### 3.5 Det daglege arbeidet – synleggjering

Til saman er eit av dei mest gjennomgåande, opplagte og viktige funna kor viktig [sic] det daglege arbeidet er – kjensle av samanheng og kontinuitet på ulike nivå, tillitsfulle relasjonar, stader ein kjenner igjen, folk ein er trygge på, tid og rom til å ta seg tid. Prosjektet synleggjer og viser fram det lokale, det partikulære i sin eigen rett. Det er ein politisk agenda i dette, men òg ein vitskapleg:

- 1) Å synleggjere og diskutere betydinga av det daglege arbeidet i biblioteket – dei delprosjekta vi her har beskrive er alle small-scale innpassa i den daglege drifta med forsvinnande små ressursar (nokre titusen kroner i kvart delporsjekt) og dei gevinstar ein kan hente gjennom samarbeid med skular og barnehagar, har ei bibliotekpolitisk side.
- 2) Å diskutere korleis noko særskilt og eineståande, noko partikulært, som er nytt *i denne samanhengen*, vert prøvd ut, og korleis ein har reflektert rundt utprøvinga, det er sett med fenomenologiske auge eit vitskapleg prosjekt.

### 3.6 Prosjektkultur

Fleire av deltakerane var frustrerte innleiingsvis fordi alt ikkje var fastlagt. Deltakerane måtte sjølv utvikle metodar som svarte på prosjektets spørsmål og behov. Lesarhistorieomgrepet måtte konkretiserast og dinest settast ut i praksis på ulike måtar. Delvis provoserte dette mange til å tenkje, delvis skapte det ein open og trygg prosjektkultur som motiverte nysgjerrighet og eigen refleksjon.. Når grunnlaget og ramma ikkje er fastlagte så er det større rom for å tenkje fram det ein sjølv har størst behov for i sin praksis, sitt profesjonelle liv.

## 4 Vegen vidare

Utover ferdigstillinga av monografien (manus i 2018) planlegg fylkesbiblioteket fleire oppfølgingstiltak. Sjå fylkesbibliotekets rapport for oversikt over desse.